



STRAND KOMMUNE

Dato: 28.01.2026

Dykkar ref.:

Vår ref.: 23/627 / 26/3297 / VÅGHAN

Til:

Andre Flage Fjelde	Vervikvegen 4	4121	Tau
Kine Marie Krogh Eie	Velandsvegen 32	4121	Tau
Marielle Alsvik	Alsvikvegen 46	4121	Tau
Målfrid Alstveit Ringsby	Fiskåvegen 939a	4121	Tau
Renate Hetlelid Gjerde	Heggheimsvegen 140	4121	Tau

Referat frå SU-møte tys. 27.01.26 Nordre Strand Oppvekstsenter

Tid: 19:00-20:00

Stad: Personalrommet på NSO

Til stades: Kine Marie Krogh Eie
Marielle Alsvik
Målfrid Alstveit Ringsby
Renate Hetlelid Gjerde
Bjørn Sølve Barka
Siv Elisabeth Karlsen
Trine Margot Østerhus Sørskår
Hans Marius Våga

Forfall: Ingunn Gjeitanger
Andre Flage Fjelde

Referat:

1. Barnehagen:

- Frist for opptak er 15.02, og søknadane har byrja å komme. Blir spennande å sjå om alle dei ledige plassane våre blir fylt opp, sidan utvidinga haust 2025 har auka kapasiteten i barnehagen.
- Foreldreundersøkinga er sendt ut til alle foreldre. Fristen er på fredag, men pga. litt låg svarprosent til no (40%) har påminning blitt sendt ut.
- Det er pga. sjukdom ein del korttidsfråver for tida. Det er ein kabal å få til å gå opp, men me lirkar det til gjennom å bruke pensjonerte tidlegare tilsette og vikarar som allereie arbeider her og er kjent med drifta og ungane.
- Den nye avdelinga går fint.

2. FAU:
 - a. Er godt i gang med halvårsplanlegginga.
 - b. Skal vere vertskap for KFU i neste veke.
 - c. Har planlagt storforeldremøte ons. 18.02 kl. 18-19.
 - i. Innlegg om smarttelefonfri barndom – med vekt på heimearenaen (45 min)
 - ii. Evaluering av leksefriforsøket H25, og framlegging av vidare plan om leksefri V26. Rektor fortel og svarar på spørsmål (15 min).
 - d. Arrangement V26:
 - i. Disco 10.04 kl. 18:00
 - ii. Grillfest tor. 11.06 kl. 17:00
 - e. Vil gi tilbakemelding på at det er kjekt at skulen har ordna til isbane i bingen!
3. SFO:
 - a. Ingenting nytt å melde.
4. Elevane:
 - a. Ingenting nytt å melde
5. Skulen:
 - a. Eit viktig satsingsområde for NSO er uteskule, og personalet arbeider for tida med å tileigne seg og utprøve uteskulepedagogikk. Ila. våren vil me truleg få sett opp ein liten gapahuk på leirplassen vår.
 - b. Leksefri: Etter at både elevar, foreldre og lærarar har evaluert, vel NSO å halde fram med leksefri ut skuleåret. Me foretar ei lita justering gjennom å innføre eit nytt, fast punkt på vekeplanen – «tips til vidare arbeid heime».
 - c. V26 vil NSO ha eit partnerskap med UiS, og to ressurspersonar derifrå vil bistå NSO i vårt lokale utviklingsarbeid. Tema er grovt formulert «elevrolla – øve på å øve og utvikle konsentrasjon og uthald» og «lærarrolla – undervisningspraksis som gir best mogleg læring».
 - d. Rekneskapen for 2025 viser at NSO går omtrent i balanse.
6. Neste møte blir tys. 14.04 kl. 18:00 (FAU) og 19:00 (SU)

Med helsing

Hans Marius Våga
verksemdsleiar
Nordre Strand oppvekstsenter

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur.

Kopi til:

Bjørn Sølve Barka
Ingunn Gjeitanger
Siv Elisabeth Karlsen
Trine Sørskår